

ST: studiespesialisering  
EL: elektrofag  
ID: idrettsfag

SR: Sal, service og reiseliv  
IM: IKT og medieproduksjon  
PB: Påbygging til generell studiekompetanse  
TAF: Tekniske allmenne fag

Til elevar på Vg1 studiespesialiserande hausten 2022

Ulsteinvik, juli 2022

## Informasjon om val av matematikkfag

Det vert undervist i to ulike matematikkurs på Vg1. Begge kura er på 140 timer gjennom året og begge er avsluttande etter Vg1, det vil seie at karakteren kjem på vitnemålet.

**Matematikk 1T** (T står for Teoretisk retta) er tenkt for deg som er spesielt interessert i faget og meiner at arbeidet går fint, eller veit at du får bruk for mykje matematikk i vidare studie. Med 1T kan du gå vidare med matematikkursa **R1** og **R2** (matematikk for realfag) dei to neste åra her hos oss. Du kan også velje **S1** og **S2** (matematikk for samfunnsfag) eller **2P** (sjå meir info om P-faget lenger nede i skrivet)

**Matematikk 1P** (P står for praktisk retta) er mindre teoretisk, og mange vil nok sjå på det som eit enklare kurs enn 1T. Med 1P kan du velje å gå **S1** og **S2** dei neste to åra.

Dei som ikkje ynskjer å velje nokon av faga S1, S2, R1, R2 må ta faget **2P** på Vg2. Dette gir deg kompetanse til å kunne søkje på alle studie som ikkje har særskilde krav til matematikk.

Enkelte vidare studie kan stille krav til at ein har R1/R2 eller S1/S2. Dersom du lurer på kva krav dei ulike studia stiller, eller kva fag som gir ekstra studiepoeng, kan du finne ut meir om dette på [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no)

Dersom du vil vite meir om kva som er det faglege innhaldet i dei ulike kura finn du læreplanane på: [www.udir.no](http://www.udir.no), sjå «Læreplaner».

**Gje melding om kva matematikkfag du vil ha på:** [skolestart.mrfylke.no](http://skolestart.mrfylke.no)

Karen Topphol

Avdelingsleiar realfag